

Lurer du på noko kan vi kontaktast på telefon:

Ålesund

Avdelinga: 70 10 59 50

Koordinering av time: 70 10 59 54

Avdelingssjukepleiar: 70 10 59 57

Volda

Gynekologisk poliklinikk: 70 05 82 63

Gynekologisk sengepost (dagbehandling): 70 05 83 61

Inntakskontoret: 70 05 82 48

Pasientinformasjon

Vaginal hysterectomi

Vaginal hysterektomi

Informasjon til deg som skal fjerne livmora via skjeden

Operasjonen

Vaginal hysterectomi betyr fjerning av heile livmora ved operasjon via skjeden. Blødningane vil forsvinne og seinare graviditet er utelukka. Fjerning av livmora er ein vanleg, men omfattande operasjon. Blødning under/etter inngrepet og infeksjonar kan forekome. Av og til kan skader på tarm, urinblære eller urinleder forekome. Skade av nerver er sjeldan. Blodpropp kan oppstå trass i at alle med spesiell risiko får blodtynnande medisin. All narkose/bedøving medfører også ein risiko.

Dersom du brukar blodtynnande medikament, som f.eks. Albyl-E eller Marevan, må desse stoppast ei veke før inngrepet. Du må då ta kontakt med fastlegen din for å høyre om dette er greit, eller om du må ha eit anna medikament istaden.

Operasjonsdagen

Du må vere fastande frå midnatt dagen før operasjonen, men kan drikke litt vatn fram til kl.06. Operasjonsdagen, om morgonen, får du beroligande tablettar. Brukar du faste medisinar er det anestesilegen som vurderer om du skal innta desse som vanleg. Ta med eigen medisin. Dersom du har astma-medisin ta den også med deg! Har du diabetes har vi eige opplegg for deg.

Inngrepet foregår vanlegvis med ryggbedøving, og varer i 1-2 timar. Du får et arr i skjeden, men du slepp arr på magen. Du må vere budd på at det ein sjeldan gong kan oppstå vanskelegheiter slik at ein må operere via magen, sjølv om dette ikkje var planlagt frå starten.

Nokre gonger skjer uforutsette hendingar som forsinkingar i operasjonsprogrammet, og det kan desverre medføre noko venting.

Etter operasjonen

Etter operasjonen ligg du på postoperativ avdeling til kvelden, og vert deretter flytta tilbake til avdelinga. Fyrste døgnet etter operasjonen er det vanleg å ha litt vondt og å vere kvalm. Du vil få smertestillande og kvalmestillande når du har bruk for det.

Du har mindre smerter etter operasjon via skjeden enn etter operasjon via magen. Du kan også komme tidlegare i gang med fysisk aktivitet og komme raskare tilbake på jobb enn ved operasjon via magen.

Etter heimreise

Sjukehusopphaldet varer vanlegvis 3-5 dagar og du vert sjukemeldt i 2-4 veker etter kor tungt arbeid du har. Treng du lengre sjukemelding, vert den skriven ut av fastlegen din. Utfloed og småblødning er vanleg dei fyrste vekene. Du bør unngå tyngre lyft (over 5-7 kilo) og tungt arbeid i 3-4 veker. Bading, tampongbruk og samleie vert frarådd dei fyrste 4-5 vekene. Ved større blødningar, feber eller sterke smerter kan du kontakte vaktavande lege ved gynekologisk avdeling, eller din eigen lege. Eventuell kontroll vert avtala ved heimreise. Det som er fjerna blir mikroskopisk undersøkt. Rapport og resultat av dei prøvene som er tekne blir sendt til deg og fastlegen din. Dersom det visar seg at ytterlegare behandling er naudsynt, kontaktar vi deg.